

Ingunn Isdal
Postboks 190
5903 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/3704 - 23/18809

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
23.08.2023

82/9 Røssland - Bygging av avlaupsanlegg - ferdigattest

Administrativt vedtak. Saknr: 237/23

Tiltakshavar: Ingunn Isdal
Ansvarleg søkjar: Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Tiltak: Søknad om dispensasjon, utslepp og bygging av avlaupsanlegg
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bygging av avlaupsanlegg på gnr. 82 bnr. 9 og gnr. 82 bnr. 3."

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.05.2023 saknr. 120/23.

Det vert elles synt til søknad motteken 18.08.2023.

Skildring

Adresse:	Gnr. 82 bnr. 9 og gnr. 82 bnr. 3.
Bygningstiltak:	Søknad om dispensasjon, utslepp og bygging av avlaupsanlegg

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3704.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tina Røsland Rolland	Røsslandsvegen 103	5282	LONEVÅG
Øyvind Rolland	Røsslandsvegen 103	5282	LONEVÅG

Mottakarar:

Ingunn Isdal	Postboks 190	5903	ISDALSTØ
Mjelstad Og Stokke	Fotlandsvegen 39	5282	LONEVÅG
Rørleggerforretning As			